

Farvel, Rune



Av: Marit Kaldhol og Wenche Øyen

Ein klassikar blant norske biletbøker, ei bok som aldri blir uaktuell og alltid er etterspurd - men faktisk har vore utseld ei tid. Vesle Sara leikar ved dammen saman med jamaldringen Rune. Rune druknar, og hovudtemaet i boka er det Sara opplever kring dette, sorga hennar, spørsmåla ho stiller om døden, og korleis ho klarer å leve vidare. Boka er eit ypparleg utgangspunkt for samtale med barn om død og sorg. Sidan boka kom ut første gong i 1986 er ho blitt kjend og kjær i ei rekkje land, og har har fått prestisjetunge internasjonale prisar. Samlaget, 1986. ISBN 9788252126860.